

Saksframlegg

Saka gjeld: Revidert nasjonalbudsjett 2026

Dato: 04.06.2026

Saksbehandlar: Terje Arne Krokvik

Arkivsak: 2026/578

Utval

Møtedato

Saksnummer

Styremøte i Helse Vest RHF

17.06.2026

065/26

Forslag til vedtak

1. Inntektene til helseføretaka blir justert med følgjande beløp i heile tusen kroner:

Endringar i inntektsramma for 2026 vs. styresak 013/26 (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	HDS	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2026 - sak 013/26	10 285 967	4 935 870	15 771 958	3 813 874	1 230 727	4 076 279	40 114 675
Endringar i inntektsfordelinga							
Endring pensjon	-480 232	-225 888	-917 478	-190 331			-1 813 929
Endring pensjon IKT, sjukehusapoteka og RHF						-59 192	-59 192
Pensjon korrigering av feil i berekningsunderlag 2025						134 000	134 000
Nedbetaling av driftskreditt, halvdel av driftskredittramme ved inngangen til 2026						1 466 000	1 466 000
Auka basisramme som følgje av redusert underdekning pensjon	68 054	36 902	90 809	26 157			221 922
Prisomrekningar ikkje fordelt						513	513
Sum endringar	-412 178	-188 986	-826 669	-164 175	0	1 541 321	-50 687
Oppdatert inntektsfordeling 2026 RNB	9 873 789	4 746 885	14 945 289	3 649 699	1 230 727	5 617 600	40 063 988

Helseføretaka får dekt endring i pensjonskostnad i basisramma fordelt utanfor inntektsmodell. Reduksjonen som er vist i inntektsfordelinga må sjåast opp mot tilsvarende reduksjon i pensjonskostnad. Det oppstår ein positiv effekt på pensjon gjennom at kostnadene blir redusert meir enn det inntektene frå staten blir redusert. Denne effekten på om lag 222 mill. kroner blir fordelt til helseføretaka i basisramma etter inntektsmodell.

Endringa i inntektsramma skal innarbeidast i rapporteringa pr. juni.

2. Endring av driftskreditt og bruk av premiefond til å betale pensjonspremie, blir behandla i føretaksmøte i juni. Fordeling av ny driftskredittramme blir handtert administrativt i eigen ekspedisjon til helseføretaka basert på vedtaket i føretaksmøtet.

3. Fordeling av midlar i basisramma til nedbetaling av halvparten av driftskredittramma ved inngangen til 2026 blir handtert på eit seinare tidspunkt når ein ser korleis dette blir gjennomført frå HOD si side overfor dei regionale helseføretaka.
4. Driftskredittramma til Sjukehusapoteka Vest HF blir auka frå 50 til 80 mill. kroner.

Oppsummering

Regjeringa la den 12. mai 2026 fram forslag til «Tilleggsbevilgningar og omprioriteringar i statsbudsjett 2026» (Prop. 96 S 2025-2026).

Helse Vest RHF legg med dette fram forslag til oppdatering av inntektene til helseføretaka med basis i Prop. 96 S 2025-2026.

Det blir tatt atterhald om Stortinget si behandling av proposisjonen. Tildelingar som følgjer av denne saka vil bli handtert etter at proposisjonen er godkjend i Stortinget i juni månad.

Fakta

Denne saka omhandlar dei forhold som kjem av Prop. 96 S 2025-2026, og omfattar i hovudsak oppdatering av forhold rundt pensjon, både handtering av kostnad og likviditet. I tillegg er det føreslått å auke driftskreditten til Sjukehusapoteka Vest HF frå 50 til 80 mill. kroner for å dekke variasjon i likviditetsbehovet knytt til innbetalingar frå helseføretaka og utbetalingar til grossist gjennom månaden.

Insentivordning ISF

I samband med lansering av nytt ventetidsmål vil dei regionale helseføretaka bli bedne om å opprette insentivordningar for lågare ventetid til vidare utgreiing og behandling. Helse Vest RHF har allereie etablert og sett i gang ei insentivordning innafor spesifikke behandlingar i ISF-ordninga. Dette er eit prøveprosjekt og det er sett av ei samla budsjetttramme på 73,2 mill. kroner. Ordninga blir fylgt opp gjennom 2026 og det vil bli gjort ei evaluering av ordninga i etterkant av prøveperioden som er avgrensa til budsjetttramma.

Pensjonspremie og pensjonskostnad

1. Handtering av pensjonskostnad for 2025 som følgje av feil i berekningsunderlaget

I forbindelse med ordinær revisjon av helseføretaka sine årsrekneskap for 2025 blei det oppdaga feil i berekningane av helseføretaka sine pensjonskostnader for 2025. Det blei berekna samla sett 465 mill. kroner for lav pensjonskostnad. Dersom riktige berekningar for 2025 hadde vore kjent i tide, ville helseføretaka sine basisrammer vore tilsvarende høgare. Helseføretaka har etter avklaring med HOD avlagt sine årsrekneskap i tråd med riktige berekningar for pensjonskostnad 2025. Det er gjort avsetning som fordring mot HOD for dekning av den auka pensjonskostnaden. Helse Vest er tildelt 134 mill. kroner i

auka basisramme for 2026 og midlane vil bli nytta for å dekke fordringa som er sett opp mot HOD per 31/12-2025.

2. Ny modell for rekneskapsføring av pensjonsforhold i helseføretak og regionale helseføretak

Med bakgrunn i særlege rammevilkår for helseføretaka, er det vurdert som føremålstenleg å kunne gi eigne reglar for rekneskapsføring av pensjonsforhold som er betre tilpassa statens behov som bruker av rekneskap. Det blir her vist til nærmare omtale av endringane og den nye ordninga i St.prp. 96 S (2025-2026). Ny forskrift har vore ute på høyring og dei regionale helseføretaka blant andre instansar har gitt høyringssvar. Basert på ei samla vurdering har regjeringa valt å innføre den nye ordninga i tråd med det som ble sendt ut på høyring. Forskjellen er at driftskredittramma ved utgangen av 2025 no er føreslått å bli avskriven over 2 år i staden for 3 år som låg som forslag i høyringsnotatet.

Det blir i tråd med høyringsnotatet innført ei ordning med amortisering av avviket mellom årets pensjonskostnad og -premie over 3 år frå og med påfølgjande rekneskapsår, noko som skal hindre oppbygging av høg gjeld. HOD vil avklare rekneskapsmessige detaljer i forskrifta og eventuelt utarbeide ei tilhøyrande rettleiing. Det blir lagt til grunn at endringa skal gjelde frå og med rekneskapsåret 2026 og endeleg forskrift vil vere klar i god tid før avslutning av rekneskapen 2026. Regjeringa vil på nytt kunne sjå på handteringa av helseføretakas pensjonsforhold dersom den nye ordninga likevel ikkje verkar nøytralt på drifta over tid slik det er føresett. Den nye modellen skal evaluerast innan 5 år.

Regjeringa vil komme tilbake til handteringa av dei 11 private ideelle i nysalderinga før jul.

Det er og uavklart korleis Helse Vest IKT som er eit aksjeselskap skal handterast. Den nye ordninga gjeld for helseføretak.

3. Oppdatert berekning av pensjonskostnad basert på ny modell og pensjonspremie for 2026

I Prop. 1 S (2025-2026) var det lagt til grunn ein samla pensjonskostnad for helseføretaka på 22 mrd. kroner og ein pensjonspremie på 26,6 mrd. kroner. Oppdaterte berekningar frå pensjonsleverandør, som tar omsyn til ny modell, gir eit anslag på 13,4 mrd. kroner i pensjonskostnad og 32 mrd. kroner i pensjonspremie.

Helse Vest sin del av dei 22 mrd. kronene fordelt etter inntektsmodellen i statsbudsjettet utgjorde 4,224 mrd. kroner. Den faktiske pensjonskostnaden utgjorde 4,555 mrd. kroner. Det var såleis ei underdekning mellom kostnad og inntekt på 331 mill. kroner som har påverka den samla inntektsfordelinga i sak 13/26 Konsernbudsjett 2026. Helse Vest sin del av dei 13,4 mrd. kronene som er fordelt i basisramma utgjer om lag 2,573 mrd. kroner medan den faktiske pensjonskostnaden utgjer om lag 2,682 mrd. kroner. Dette utgjer ei underdekning på 109 mill. kroner og inneber at underdekninga no er redusert med 222 mill. kroner. Dette vil auke basisramma med tilsvarande beløp som blir fordelt til helseføretaka gjennom inntektsmodellen, samanlikna mot midlane som blei fordelt i sak 13/26.

Reduksjonen i pensjonskostnaden i helseføretaka blir trekt ut av basisramma med same verdi som faktisk kostnad blir redusert, jf. tala i tabellen nedanfor:

Pensjon 2026 - Foreløpig (Tal i heile tusen kroner)	St.prp 2026	RNB 2026	Endring
Helse Stavanger	1 208 000	727 768	-480 232
Helse Fonna	559 000	333 112	-225 888
Helse Bergen	2 178 000	1 260 522	-917 478
Helse Førde	433 000	242 669	-190 331
Sjukehusapoteka Vest	39 000	20 597	-18 403
Helse Vest IKT	121 000	85 454	-35 546
Helse Vest RHF	17 000	11 756	-5 244
Sum Helse Vest	4 555 000	2 681 878	-1 873 122
Basisramma fra Staten	4 224 000	2 572 800	-1 651 200
Forskjell	-331 000	-109 078	221 922

Den reduserte pensjonskostnaden samanlikna med statsbudsjett 2026 skuldast i hovudsak endringar i dei økonomiske føresetnadene som ligg til grunn for berekning av pensjonskostnad, samt effekt av ny offentleg AFP og særaldersgrense som var eit anslag med stor usikkerheit.

Nytt anslag for pensjonspremie for 2026 inneber ei samla auke på 5,4 mrd. kroner. Det blir vist til pkt. 5 nedanfor som omhandlar betaling av premie.

4. Handtering av opparbeidd driftskreditt under rekneskapslova sine reglar

I høyringsnotatet om pensjon som nemnd ovanfor, var det føreslått at driftskreditte ved utgangen av 2025 skulle kostnadsførast over 3 år frå og med 2026. For å nullstille tidlegare opparbeidd driftskreditt raskare, er det føreslått at denne no blir kostnadsført over 2 år frå og med 2026. Samla driftskredittramme ved inngangen til 2026 var på 14,9 mrd. kroner. Dette inneber at det samla sett er tildelt 7,461 mrd. kroner i auka basisramme til dei regionale helseføretaka for å dekke kostnadsføring og nedbetaling av halvparten av driftskreditte. For Helse Vest inneber dette ei auke i basisramma for 2026 på 1,466 mrd. kroner. Helse Vest RHF foreslår å vente med vidare fordeling av desse midlane til helseføretaka i påvente av å sjå korleis Helse- og omsorgsdepartementet vil gjennomføre handteringa overfor dei regionale helseføretaka.

5. Bruk av midlar frå premiefond til betaling av pensjonspremie i 2026

Det er lagt opp til at dei regionale helseføretaka skal bruke ytterlegare 5 mrd. kroner frå premiefond til betaling av pensjonspremie i 2026. Samla bruk av premiefond er då auka frå 2 mrd. kroner til 7 mrd. kroner i 2026.

Samla pensjonskostnad er redusert frå 22 mrd. kroner til 13,4 mrd. kroner. Dette gir isolert sett 8,6 mrd. kroner i redusert likviditet. Samtidig blir ein halvdel av driftskreditt ved inngangen til 2026 amortisert med 7,461 mrd. kroner med ei tilsvarande auke i basisramma. I tillegg er det kompensert for feil i pensjonskostnaden for 2025 med 465 mill. kroner. Dette gir samla sett ein negativ likviditetseffekt på 674 mill. kroner.

Pensjonspremien aukar frå 26,6 mrd. kroner til 32 mrd. kroner som gir eit auka likviditetsbehov på 5,4 mrd. kroner. Det er lagt opp til auka bruk av premiefond på 5 mrd. kroner som og gir ein positiv effekt på arbeidsgivaravgift på 0,705 mrd. kroner. Samla behov for auka driftskreditt blir då 369 mill. kroner. Endeleg tildeling av ny driftskredittramme til dei regionale helseføretaka vil bli gjort i Føretaksmøtet i juni månad.

Forslag om endring på ISF og laboratorie/radiologi

Etter mottak av årsdata frå 2025 er det gjennomført ei evaluering av regelverksendringane for 2026 som viser at kostnadsvektene for 2026 er sett 0,8% for høgt i forhold til føresetnaden. Endringar i regelverket er føresett gjennomført budsjetttralt. Dette inneber at einingsprisen for ISF blir sett ned frå kr 56 153,- til kr 55 704,-.

Helse Vest RHF har i inntektsfordelinga til helseføretaka vidareført overslagsløyvinga på ISF inntektene som vart fastsett i sak 13/26 Konsernbudsjett. For å utlikne den negative effekten av at prisen blir sett ned, er det gjort ei oppjustering på anslag DRG poeng slik at budsjetterte inntekter blir uforandra i forhold til inntektene som ligg i konsernbudsjettsaka. Prisendringa gir isolert sett ein negativ effekt på om lag 50 mill. kroner dersom føretaka ikkje klarar å auke DRG aktiviteten som her er føresett.

Refusjonstakstane til laboratorieverksemd blir justert ned med 7 % frå 1. juli 2026. Samla er dette vurdert til å utgjere om lag 138,5 mill. kroner i lågare inntekter til dei regionale helseføretaka i 2026.

Medevac

Samla tal pasientar vil kunne passere 550 i løpet av året. Dette får inga konsekvens til tildelinga i RNB men Regjeringa vil komme tilbake til dette i samband med nysalderinga, slik det er gjort tidlegare år. Helseføretaka må fortsette å halde oversikt på kostnader til desse pasientane som tidlegare.

Mindre justeringar i basisramma

Det er elles gjort mindre tekniske justeringar knytt til prisomrekningar på nokon postar i basisramme som for Helse Vest utgjør ein reduksjon i basisramme på 0,5 mill. kroner. Denne er ikkje fordelt og kan disponerast til spesifikke føremål på eit seinare tidspunkt.

Nytt anslag på løns- og prisvekst

Det er forventa ein høgare løns- og prisvekst i 2026 enn det som er lagt til grunn i statsbudsjettet. Dette er eit forhold som ikkje blir kompensert frå staten og som dei regionale helseføretaka må handtere innafor den samla budsjetttramma.

Auka behov for driftskreditt hos Sjukehusapoteka Vest HF.

Sjukehusapoteka Vest HF har pr. i dag ei tildelt driftskredittramme på 50 mill. kroner innafor konsernkontoordninga. Likviditeten varierer betydeleg gjennom månaden som følgje av utbetalingstidspunkt til grossist samt innbetalingar frå helseføretaka. Som følgje av svakare resultat samt gjennomførte investeringar er likviditeten no meir sårbar i forhold til svingingar gjennom månaden. Sjukehusapoteka Vest har gjort tiltak for å styrke likviditeten men vurderinga er at ei driftskredittramme på 50 mill. kroner ikkje er tilstrekkeleg. Dei har derfor med basis i deira styresak 21/26 som er behandla i styremøte 4/6-26 søkt Helse Vest RHF om å auke driftskredittramma med 30 mill. kroner frå 50 til 80 mill. kroner.

Konklusjon

Administrerende direktør tilrår at det blir gjennomført ei endring i inntektene til helseføretaka i tråd med omtalen i denne saka.

Dette gir følgjande samla endring i inntektene til helseføretaka for 2026:

Endringar i inntektsramma for 2026 vs. styresak 013/26 (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	HDS	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2026 - sak 013/26	10 285 967	4 935 870	15 771 958	3 813 874	1 230 727	4 076 279	40 114 675
Endringar i inntektsfordelinga							
Endring pensjon	-480 232	-225 888	-917 478	-190 331			-1 813 929
Endring pensjon IKT, sjukehusapoteka og RHF						-59 192	-59 192
Pensjon korrigering av feil i berekningsunderlag 2025						134 000	134 000
Nedbetaling av driftskreditt, halvdel av driftskredittramme ved inngangen til 2026						1 466 000	1 466 000
Auka basisramme som følgje av redusert underdekning pensjon	68 054	36 902	90 809	26 157			221 922
Prisomrekningar ikkje fordelt						513	513
Sum endringar	-412 178	-188 986	-826 669	-164 175	0	1 541 321	-50 687
Oppdatert inntektsfordeling 2026 RNB	9 873 789	4 746 885	14 945 289	3 649 699	1 230 727	5 617 600	40 063 988

I tillegg tilrår administrerende direktør at driftskredittramme til Sjukehusapoteka Vest HF blir auka frå 50 til 80 mill. kroner.

VEDLEGG

INNTEKTSFORDELING 2026	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haraldsplass	Vest RHF (eks. HDS)	SUM inkl. Kjøp av helsejenester
SUM, ISF	1 731 370	821 703	2 809 438	532 662	329 647	67 936	6 292 757
SUM, basisramme fordelt etter modell	7 692 859	3 791 341	10 567 584	3 093 948			25 145 732
Resultatbasert finansiering	41 461	22 575	79 633	18 336			162 005
SUM, basisramme fordelt utanfor modell	397 765	105 689	1 416 230	-2 315	901 080	5 549 664	8 368 113
Øymerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	10 334	5 576	72 403	7 069	0		95 382
SUM, inntekt 2026 fordelt frå RHF	9 873 789	4 746 885	14 945 289	3 649 699	1 230 727	5 617 600	40 063 989
*) Spesifikasjon av postar utanfor modell	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme Helse Vest RHF					896 520	5 548 964	6 445 484
Nasjonale behandlingstenester							
Nasjonale behandlingstenester (tidl. Landsfunksjonar/behandlingstenester)			72 628				72 628
Protonterapi - driftsfase			145 368				145 368
Proton og stråleterapiregister - etableringstilskudd			2 419				2 419
Nasjonale kompetansenester (tidl. Øremerka staten)	2 000		33 028			500	35 528
Regionalt faglig samarbeid							
Regionale kompetansesenter (samlet fordeling)	19 024	619	59 222	619			79 484
Sekretariat samarbeidsorgan			1 130				1 130
Fagnettverk - fordeling	1 400	1 569	5 800	0		200	8 969
RegSim	3 766	377	377	377			4 895
InterRegSim	3 644						3 644
Helse-Atlas				4 193			4 193
Samhandlingsbarometer				2 511			2 511
Operativ fagforvaltning for medikamentell kreftbehandling			4 737				4 737
Pasientrapporterte data			680				680
Regional monitoreringsteneste			2 510				2 510
Ein Veit Vest - prosjekt og mottakerapparat	748	748	6 546	748			8 791
TSB							
Felles Vurderingseining i TSB	4 622	2 311					6 933
Helseteneste til insatte i fengslar							
Etablering av soningseining for dei under 18 år			1 526				1 526
Narkotikaprogram med domstolskontroll			2 907				2 907
Rusmeistringseining ved fengsla i Stavanger og Bergen	1 070		1 070				2 139
Behandling av seksuallovbruddsdømde (R-11021)	3 423		3 530				6 953
Stifinnar-prosjektet			2 583				2 583
Björgvin fengsel			5 934				5 934
Regionale funksjonar somatisk							
PET-senter	0		0				0
Prostatacenter	2 236		2 236				4 471
Kreftstrategi - Vardesenter og pusterom	1 635		1 486				3 121
Bioteknologiloven - NIPT			6 596				6 596
Regionalt biobankarbeid m.m			1 182				1 182
Lipødem					4 560		4 560
Arbeidsmedisinsk avdeling			9 152				9 152
Regionalt tverrfagleg kompetansemiljø for astma og allergi			1 151				1 151
Behandlingstilbud ved behov for kjønnsbekreftende behandling			3 419				3 419
Norske senter for sjøfartsmedisin (inkl. Radio Medico) (overført fra kompetansenester)			12 255				12 255
Kommunikasjonsberedskap (KOKOM) (Overført fra kompetansenester)			7 617				7 617
Poliklinikk for seineffektar etter kreftbehandling (tidlegare prosjektnummer R-11283)			1 562				1 562
Rehabilitering/habilitering							
Regional eining for rehabilitering ved alvorleg hovudskade			18 430				18 430
Regional vurderingseining for rehabilitering			7 826				7 826
Spesialisert rehabilitering		12 492					12 492
Intensiv språktrening	3 640		5 146				8 787
Barn og unge med erverva hjerneskade (R-10043)	1 780		4 747				6 526
Styrking av tiltak innan barnehabilitering			3 331				3 331
ADHD, Tourettes syndrom og narkolepsi (regionalt) (Overført fra kompetansenester)			1 061				1 061
Autismemiljø (regionalt) (Overført fra kompetansenester)		1 051	3 153				4 204

Psysk helse							
Regionalt senter for spiseforstyrrelser			36 524				36 524
Kompetanse og nettverksbygging "Kropp og sjølvkjensle" - spiseforstyrning			3 274				3 274
Veiledningsordning for barn og unge med spiseforstyrrelse			668				668
Sikkerhetspsykiatri	19 145	3 753	21 163	2 156			46 217
Sikkerhetspsykiatri videreført fra RNB 2024 + ambulante sikkerhetsteam	8 962	4 293	11 162	2 415			26 832
Barn som pårørende	576	4 467	4 611	576			10 229
Medisinske undersøkingar ved barnehusa	3 750		2 463	1 512			7 724
Nye løysingar for samhandling med kommunane innafor PH for barn og unge				2 800			2 800
Diverse							
Legeambulanse		5 943					5 943
Tilstadevakt - beredskap, Solabasen og Florø	10 768			10 768			21 536
Intensivambulanse Stavanger	329						329
Dagkirurgi Norfjordeid sjukehus				5 522			5 522
Utanlandsbehandlingar - overf. frå RHF			41 285				41 285
Barnepalliative team	1 981	1 069	2 586	654			6 290
Oppfølging av endring i bioteknologilova	948	2 592	3 320	315			7 176
Kraniofasiale lidelser og leppe-kjeve-ganespalte			0				0
Regionalt kompetansemiljø for metodevurdering (overført fra regionale kompetansetjenester)			2 041				2 041
Skadepoliklinikk Nordfjord				4 500			4 500
Regionale funksjonar			11 000				11 000
Oppbygging av intensivkapasitet	5 000	4 000	10 000	1 000			20 000
Tidlegare særskilde tilskot	17 247	3 570	21 777	27 022			69 615
Effektivisering administrasjon fordelt etter modell	-6 804	-3 374	-9 395	-2 743			-22 316
LIS 1 overført i rammen	35 349	14 945	20 659	9 922			80 875
Tekniske forhold							
Internt lab-/røntgenoppgjær	-6 624	-10 318	33 536	-16 594			0
Strukturtilskot		41 493					41 493
Midlertidig inntektsstøtte				20 000			20 000
Tilskudd til interne gjestepasienter (10 % påslag)			51 201				51 201
Pensjon prop. 1 S 2024	651 592	318 966	1 215 611	234 568			2 420 737
Penjon RNB 2024	64 798	15 317	108 502	13 796			202 413
Pensjon prop. 1 S 2025 - avklares etter Nysaldering	108 147	54 199	171 175	38 730			372 251
Pensjon 2026 - foreløpig estimat	199 400	88 200	383 500	71 400			742 500
Pensjon 2026 - RNB, se egen berekning	-480 232	-225 888	-917 478	-190 331			-1 813 929
Tilskot til utdanning	20 379	10 199	175 122	7 721			213 421
Vestlandslegen SUS	31 230						31 230
Overføring pasienter frå Gulen og Eidfjord		-19 977	66 667	-46 690			0
Uttrekk MVA (basert på mva-kartlegging)	-388 027	-179 817	-616 516	-141 961			-1 326 321
Utdanningsstillinger for spesialsykepleiere	10 315	4 364	20 762	4 231			39 672
Regionalt utdanningsenter	646	646	6 546	646			8 483
Kjøreskule for ambulanse	595	17	6 580	17			7 210
Korreksjon for omlegging av ISF (50 til 40%) i 2024 - egne pasienter	19 535	-23 256	38 045	-34 324			0
Korreksjon for omlegging av ISF (40 til 30%) i 2025 - egne pasienter	19 773	-28 881	47 498	-38 390			0
							0
SUM, basisramme fordelt utanfor modell	397 765	105 689	1 416 230	-2 315	901 080	5 549 664	8 368 113
	Helse Stavanger	Helse Fonna Helse Bergen	Helse Førde	Haraldsplass	Vest RHF	Helse (eks. HDS)	SUM
Øymerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):							
Nasjonale kompetansetjenester	Kap. 732.78						0
Heroinassistert rehabilitering	Kap. 732.70		21 700				21 700
Tverrfaglig helsekartlegging - i helseregionene	Kap. 732.70		2 300				2 300
Medisinske utgreiingar for oljepionerar	Kap. 732.70		1 900				1 900
Forsøk med medikamentell behandling for avhengighet til benzodiazepiner og sentralstimulerande midlar samt behandlingsstudiar	Kap. 732.78		17 700				17 700
Rekrutterings- og samhandlingstilskuddet (HSØ, HV, HMN)	Kap. 732.70	10 334	5 576	14 221	3 869		34 000
Landsdekkende modell for rettspsykiatri	Kap. 732.70		1 366				1 366
Rettsmedisinske tenester frå UIB	Kap. 732.70		6 216				6 216
Prosjekt X	Kap. 732.70		7 000	3 200			10 200
Sum øymerkte midlar frå HOD	10 334	5 576	72 403	7 069	0	0	95 382
SUM, tildelt inntekt 2026 frå RHF	9 873 789	4 746 885	14 945 289	3 649 699	1 230 727	5 617 600	40 063 989
Endring av inntektsramma til HF-a som følgje av gjestepasientoppgjær:							
Kostnad, eksternt gj.pas.oppgjær	-202 061	-82 298	-157 228	-65 137			-506 725
Fakturering av gjestepasientar andre regionar	88 991	9 074	220 120	17 969			336 154
SUM, inntektsramme i HF-a	9 760 719	4 673 661	15 008 180	3 602 530	1 230 727	5 617 600	39 893 418